

## Saksprotokoll i kontrollutvalet - 25.11.2019

### Handsaming i møtet

Personvernombod, Marianne Seim, orienterte om status i arbeidet med tilpasning til ny personvernlov og svarte på spørsmål frå kontrollutvalet.

Kontrollutvalet meiner at det snarast råd må gjerast ei avklaring på kven som skal verta nytt personvernombod. I denne situasjonen bør det også vurderast om det kan vera føremålstenleg å skilje denne rollen frå personvernrådgyvarrollen for Vestland fylkeskommune. Utvalet oppmodar om at fylkesrådmannen i Vestland fylkeskommune kjem med ei orientering på desse punkta til møte i kontrollutvalet 12.02.2020.

I den vidare oppfølginga av denne saka må dei avsluttande kommentarane i den skriftlege tilbakemeldinga frå noverande personvernombod også følgjast opp.

Etter dette vart slikt vedtak samrøystes vedteke.

### Vedtak

1. Kontrollutvalet oppmodar om at fylkesrådmannen i Vestland fylkeskommune snarast råd gjer ei avklaring på kven som skal verta nytt personvernombod. I denne situasjonen bør det også vurderast om det kan vera føremålstenleg å skilje denne rollen frå personvernrådgyvarrollen for Vestland fylkeskommune. Det er ønskjeleg med skriftleg orientering om dette til møte i kontrollutvalet 12.02.2020.
2. Det vert oppmoda om at skriftleg orientering i høve punkt 1 vert å sende sekretariatet innan 27.01.2020.
3. Kontrollutvalet i Hordaland fylkeskommune oppmoder om at fylkesrådmannen i Vestland fylkeskommune kjem med ny skriftleg og munnleg status i høve tilpassinga til ny personvernlov til siste møte i første halvår 2020 i kontrollutvalet i Vestland fylkeskommune.
4. Den skriftlege orienteringa vert å sende sekretariatet innan 18.05.2020.
5. Informasjonen vert elles teken til orientering.